

19. februar 2020.

Vestland fylkeskommune  
Kulturavdelinga

[post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Dykkar ref. 19/4548-62

## **FORSLAG TIL FREDING AV SINGERHEIMEN (DALHEIM, GBNR 86/27, STRYN) FRÅSEGN FRÅ «KONTAKTGRUPPA FOR SINGERHEIMEN»**

«Kontaktgruppa for Singerheimen» er ei uformelt etablert støtte- / kontaktgruppe, samansett av interesserte personar som i fleire tiår har hatt ulik tilknytning til Singerheimen og som på ulike måtar har eit sterkt engasjement i og for lokalsamfunnet i Olden og Indre Nordfjord.

«Kontaktgruppa for Singerheimen» ser i utgangspunktet positivt på prinsippet om freding av eige-dommen og bygningane, og vi har forventningar til at dette kan gi grunnlag for eit sterkare engasjement også frå offentlege organ med tanke på vern, bruk og utvikling ved Singerheimen. Vi har også forventningar om at fredingsprosessen og eit mogleg, formalisert samarbeid mellom Singerheimen og Musea i Sogn og Fjordane vil kunne føre til auka aktivitet og utvida bruk av Singerheimen – både av bygdefolk og av turistar frå inn- og utland.

Vi legg til grunn at eit fredingsvedtak i seg sjølv ikkje vil vere til hinder for tenleg bruk til kulturfor-midling i museumsregi, tilrettelagde opplegg for turistar, eller for utleige av delar av eige-dommen til spesielle arrangement (t.d. 50-årskonfirmant-treff, innanfor nærare avgrensa retningsliner). Alt dette vil vere ein føresetnad for at drifta ved Singerheimen kan generere inntekter som kan gi eit naudsynt supplement til den finansieringa av drift og vedlikehald som offentlege organ kan / vil ta ansvar for.

Vi sluttar oss til dei vurderingane som er tekne inn i den samla omtalen i fredingsforslaget. Vi viser også til merknad av 07.02.20 frå styret i Stiftelsen Singerheimen.

**Vi oppmodar likevel sterkt om at utforminga av fredingsføresegnene vert vurdert på nytt**, bl.a. med grunnlag i følgjande:

- I prinsippet er vi einige i at bygningane ikkje skal kunne byggast om. Men med tanke på mogleg auka bruk, gjennom museumsverksemd og anna, utvida formidlingsverksemd, **må ikkje fredingsføresegnene stå i vegen for naudsynt oppussing / tilrettelegging for tenlege toaletttilbod, service-«skranke», eventuelt også sal av suvenirar, kaffi m.m., tenlege utstillingslokale** (det siste t.d. ved ominnreing av driftsbygningen). Vi meiner derfor at **formuleringa i pkt. 2**, om at det ikkje er lov «å bygge om bygningane sitt eksteriør eller interiør», **er for lite nyansert**. Det må kunne vere mogleg å gjennomføre mindre (innvendige) bygningsmessige tilpassingar, etter særskild vurdering og med utføring i tråd med kvalitetane / «atmosfæren» som er i bygningane.
- I prinsippet er vi også einige i at det er tenleg å iverksetje områdefreding, men også på dette punktet (pkt. 8) meiner vi at formuleringa er for lite nyansert. Både for å få tilbakeført (permanent eller ved kort- eller langtids-deponering) kunst, inventar og andre eigendelar, som i dag er i Singersamlinga ved Kode i Bergen, og å oppnå auka publikumstilstrøyming til vanlege turistopplegg og eventuelle spesielle arrangement, vil det vere **behov for å få vurdert oppføring av eit servicebygg** og evt. også andre «moderne» tilleggsfunksjonar.

Eit slikt servicebygg vil vere naudsynt for å avlaste hovudbygningen, bl.a. med tanke på slitasjeutfordringar, og også for å kunne tilpasse tilbodet til etterspurnaden – t.d. med eit rom med kapasitet på 50 – 100 personar for videoframsying og / eller foredrag, tenleg(e) ut-stillingslokale osv. Eit servicebygg er òg naudsynt for å dekkje reine servicefunksjonar – alt frå tilfredsstillande toalett til ein resepsjonsskranke, eit suvenirutsal og eit

kjøkken for kaffi og «kaffimat» til turistar og for servering ved eigne arrangement og evt. utleige til andre.

Vi meiner at det vil vekse fram behov for eit slikt servicebygg i løpet av kort tid. Både som del av aktivitetstilbodet ved Singerheimen og som grunnlag for inntektsskaping må det vere høve til å etablere eit servicebygg utan at det kjem i konflikt med fredingsføresegnene. Om eit slikt servicebygg vert etablert som ein frittståande bygning (og kor den i så fall skal plasserast) eller om funksjonane for eit servicebygg kan / bør plasserast i eksisterande bygning(ar) – t.d. driftsbygning, drengestove e.a., må vurderast nøye av rette vedkommande organ når spørsmålet vert aktuelt, og det må sjølv-sagt takast omsyn til dei verneverdige kvalitetane i bygningar og samla miljø.

Men **det er viktig at fredingsføresegnene ikkje set ein definitiv stoppar for etablering av servicebygg (evt. servicebyggfunksjonar i eksisterande bygg).**

Vi meiner også at det er viktig at fredingsføresegnene ikkje hindrar ei eventuell betre ut-forming av parkeringstilhøva på eigedommen. Evt. utbetring av parkeringstilhøva må sjølv-sagt gjennomførast på ein forsvarleg måte, men det bør vere høve til å gjere noko med dette.

Vi viser til at det finst mange døme rundt om i landet, der tidsmessige servicebygg / service-byggfunksjonar / parkeringsplassar er bygde relativt tett inntil freda bygningar og / eller i freda område. Eitt nærliggande døme er servicebygget ved Borgund stavkyrkje i Lærdal.

**«Kontaktgruppa for Singerheimen» håpar at fredingsprosessen no fører til ei revitalisering av arbeidet for å styrkje Singerheimen som ein kulturhistorisk viktig stad av stor regional og nasjonal (og internasjonal) interesse, med ei sterk lokal forankring, og at fredinga ikkje fører til stagnasjon og likesæle frå offentlege organ.**

Med helsing

**«Kontaktgruppa for Singerheimen»**

Ingolv Muri

Bjørn Blindheim

Svein Lundevall

Einar Åbrekk

Berit Melheim

Johanna Nygjerd

Ragnhild Lunde

Arne Sandnes

**Jostein By** (kontaktperson for gruppa)

Ugla, Fjordvegen 2257, 6788 Olden

[jostein.by@enivest.net](mailto:jostein.by@enivest.net)

Mobiltf.: 95 33 11 44